



Handlingsplan for fysioterapeutar og ergoterapeutar i nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna 2019

Målsetting for nettverk

Målet for nettverket av ressurspersonar i Helse Fonna er kompetanseheving, samhandling og samarbeid slik at kreftpasientar og andre pasientar med trong for lindrande behandling, samt deira pårørande, opplever god kvalitet og tryggleik på alle nivå i helsetenesta.

I nettverket for fysioterapeutar og ergoterapeutar i nettverket innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna er det til saman 29 ressurspersonar. 23 av desse er fysioterapeutar og 6 er ergoterapeutar.

Satsingsområde frå strategiplanen:

Det er valgt ut satsingsområde for nettverket ut frå strategiplanen. Nokre område er med vidare frå tidligare handlingsplan. I 2019 vil ein ha fokus på desse emna:

- Erfaringsutveksling, vidareformidling og hospitering
- Tverrfagleg samarbeid og kommunikasjon
- Fokus på korleis vi som terapeutar kan hjelpe den palliative pasienten ved svelgproblem, tung pust og manglande kroppsmedvit
- Fokus på palliasjon til personar med demens: Auka kunnskap om demens, korleis kartlegge symptom og plager, auke forståing for korleis møta personar med demens, og kunne ta i bruk relevante verktøy og gje god palliasjon til personar med demens. Tema på årleg felles fagdag 2019.
- Å få enda betre innarbeidd møte mellom ressursperson og nærmaste leiar (mal for møte mellom ressursperson og leiar er utarbeidd)

Plan for arbeidet til ressurspersonane:

1. Klinisk verksemd på arbeidsplassen:

- Spørje pasienten «Kva er viktig for deg no?»
- Vere ressursperson og rollemodell for kollegaene sine i arbeidet med kreftomsorg og palliasjon.
- Bruke aktuelle kartleggingsverktøy som t.d. Pasientspesifikk funksjonsskala (PSFS), smertekart, Visuell Analog Skala (VAS, td.- smerteskala), Short Physical Performance Battery (SPPB) m.m.



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

- Kan vere ein ressurs for å sikre eit heilskapeleg behandlingsforløp på tvers av instansar.
- Fremje tverrfagleg samarbeid ved å bidra til å trekke inn relevante yrkesgrupper.
- Bruke nettverket til å betre det tverrfaglege samarbeidet.

Ressurspersonane bør:

- Ressursperson bør bli kalla inn til minimum eitt møte med leiar årleg, og lage handlingsplan for arbeidet som ressursperson.
- Ha internundervisning på arbeidsplassen sin når dei har vore på nettverksmøte eller felles fagdag.
- Gjere seg kjend med og bruke hospiteringsordninga mellom Helse Fonna og kommunane.

2. Samhandling- systemarbeid:

Ressurspersonane vert oppmoda til å bruka Individuell plan innan palliasjon, som er eit viktig verktøy for å fremje god samhandling som kjem den enkelte pasient og pårørende til gode. Hospitering kan også bidra til å fremje samhandling ved at ein får kjennskap til kvarandre sin kompetanse og arbeidssituasjon.

3. Kompetanseheving:

- Delta på årleg fagdag for ergoterapeutar og fysioterapeutar.
- Delta på årleg fellesfagdag for hele nettverket.
- Vidareformidling av informasjon til kollegaer frå fagdagar og nettverksmøter på fleire nivå. T.d. Bruke førelesingane frå fagdagar til å undervise, arrangere fagmøte med palliativ tilnærming, rettleie kollega i pasientsituasjonar osv.

Ressurspersonane får undervisning ut frå nettverket sin kompetanseplan, og dette vil vidareførast gjennom introduksjonskurs, felles årleg fagdag for heile nettverket og fysioterapeutane og ergoterapeutane sin eigen årlege fagdag.

Fysioterapeutar og ergoterapeutar er inviterte til sjukepleiarnettverket sine lokale nettverksmøter, som er eit forum der ressurspersonane kan formidla sine erfaringar med kollegaer.

Plan for oppdateringar:

Det var eit fokus i 2018 og er vidare i 2019 å få fleire ressurspersonar frå kommunane inn i driftsgruppa og da spesielt fleire ergoterapeutar. Den årlege felles fagdagen blir arrangert 19.mars 2019, og alle ressurspersonane i nettverket blir inviterte. Tema i år er «Palliasjon til personer med demens».



Fagleg nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Fonna føretaksområde

Plan for arbeidet i driftsgruppa:

I driftsgruppa vil ein prøve å ha 4 møter i året. Det første møtet var 07.02.19, der ein vil hadde fokus på planane for nettverket i 2019.

Det er også starta planlegginga av ein ny årleg fagdag til hausten. Det har komme inn ønskje frå nettverket om tema som t.d. tverrfagleg samarbeid, palliasjon for KOLS pasientar, lungefysioterapi, ALS, energiøkonomisering, avspenning i ein palliativ setting mm.

Fagdagen blir arrangert i november 2019.

Driftsgruppa si samansetting i februar 2019:

Leiar: Karoline Berge, fysioterapeut, Haugesund Sjukehus

Anne Therese Håvarstein, fysioterapeut, Haugesund Kommune

Eldbjørg Mathea Nesse, spesialfysioterapeut, Bømlo Kommune

Marianne Hollund Espeland, fysioterapeut, Stord Sjukehus

Agneta Gard, spesialergoterapeut, Haugesund Sjukehus

08.02.2019 Karoline Berge, leiar av driftsgruppa.